

HANDLINGSPLAN FOR REISELIVSSTRATEGIEN I HORDALAND

Forum reiseliv 24.03.10

1	FØREORD	3
2.	TILTAKSLISTE	4
3.	SATSING PRODUKTUTVIKLING	7
	<i>Tiltaksområde 1 Vandring</i>	<i>7</i>
	<i>Tiltaksområde 2 Sykling.....</i>	<i>7</i>
	<i>Tiltaksområde 3 Snø-opplevelingar.....</i>	<i>8</i>
	<i>Tiltaksområde 4 Kystturisme og vannsport</i>	<i>8</i>
	<i>Tiltaksområde 5 Arrangement og festivalar</i>	<i>9</i>
	<i>Tiltaksområde 6 Kultur- og historiefremidling</i>	<i>9</i>
	<i>Tiltaksområde 7 Mat.....</i>	<i>10</i>
	<i>Tiltaksområde 8 Transport.....</i>	<i>10</i>
	<i>Tiltaksområde 9 Cruise</i>	<i>11</i>
4.	SATSING OMRÅDEUTVIKLING	12
	<i>Tiltaksområde 10 Heilskapleg områdeutvikling.....</i>	<i>12</i>
	<i>Tiltaksområde 11 Fellesgode</i>	<i>13</i>
5.	SATSING KOMPETANSE	14
	<i>Tiltaksområde 12 Reiselivskunnskap.....</i>	<i>14</i>
	<i>Tiltaksområde 13 Norwegian Centre of Expertise – NCE - reiseliv.....</i>	<i>14</i>
	<i>Tiltaksområde 14 VRI-reiseliv ”Virkemidler for regional FoU og innovasjon”,</i>	<i>14</i>
	<i>Tiltaksområde 15 Reiseliv som tema i Forskningsstrategi for Hordaland og i Regionalt Forskningsfond for Rogand, Hordaland og Sogn og Fjordane.</i>	<i>14</i>
	<i>Tiltaksområde 16 Meir bruk av faglært arbeidskraft.....</i>	<i>15</i>
	<i>Tiltaksområde 17 Internasjonal erfaringsutveksling</i>	<i>15</i>
	<i>Tiltaksområde 18 Entreprenørskap i småskala reiseliv og matproduksjon</i>	<i>15</i>
6.	SATSING MARKNADSFØRING	16
	<i>Tiltaksområde 19 Marknadsføring av reisemåla i Hordaland på den norske marknaden.....</i>	<i>16</i>
	<i>Tiltaksområde 20 Internasjonal Marknadsføring av Hordaland</i>	<i>16</i>

1 FØREORD

Reiselivsarbeidet i Hordaland og på Vestlandet har lange tradisjonar. I nyare tid kom Reiselivsplan for Hordaland i 1998- 2002 i regi av Hordaland fylkeskommune. Den er systematisk fulgt opp, sist med Reiselivsstrategi for Hordaland 2009 – 2015, eit samarbeid mellom næringa, kompetansmiljø og offentlege aktørar. Strategien vart vedteken av Fylkesutvalet i Hordaland i mai 2009. Fylkesutvalet skal ha statusrapportar for gjennomføring.

Forum Reiseliv – Hordaland, eit fylkesdekkande nettverk av m.a. destinasjonsselskapa, vil diskutere måloppnåing og kome med innspel til arbeidet på sine faste møte. Ein gong i året vil Forum Reiseliv bli ei utvida samling, om lag som prosessgruppa, for å gjere opp status i forkant av meldinga til fylkesutvalet. Hordaland fylkeskommune er sekretariat for handlingsplanen og for Forum. Reiseliv.

Reiselivsstrategi for Hordaland 2009 – 2015 er ei utdjuping av Regionalt Utviklingsprogram på reiselivsfeltet. Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge skal leggje strategien til grunn for si forvaltning av verkemiddel i høve til reiseliv. Mange bedrifter gjennomfører utviklingsarbeid med og utan offentlege tilskott utan at det kjem fram i denne handlingsplanen.

Reiselivsstrategien har som visjon at Hordaland skal vera best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar. Målet er at vi gjennom samarbeid og innovasjon skal utvikle berekraftige tilbod innan natur- og kulturopplevingar som bidreg til økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter og lokalsamfunn.

Reiselivsstrategi for Hordaland for 2009 -2015 peiker ut fire strategiske satsingsområde

- *Produktutvikling*
- *Områdeutvikling*
- *Kompetanse*
- *Marknadsføring*

På kvart satsingsområde blir det gjennomført tiltak, ofte i form av prosjekt. Destinasjonsselskapa i Hordaland vil bl.a ta på seg oppgåver i høve til utvalte prosjekt og derigjennom vidareutvikle sin spesialkompetanse. Derigjennom sikrar dei også både koordinering og forankring av arbeidet. Andre tiltak vil bli gjennomført av andre organisasjonar eller samarbeidande bedrifter, likevel alltid slik at prosjektet blir gjennomført av nokon som har langsiktig interesse av tiltaket.

2. TILTAKSLISTE

PRODUKTUTVIKLING		
TILTAKSOMRÅDE	TILTAK/PROSJEKT	STATUS 2010
1. Vandring	1.1 Vandreruter for turister i Hordaland	* Prosjektet er omforeint, men det manglar avklaring om prosjektleiing. Ei løyving frå HFK-FUV er gjeven. Treng løyving frå HFK-RUP, Kultur- og idrettsavdelinga og FMLA
	1.2 Turstiar i Kvinnherad	Prosjektet i gang med RUP-tilskot.
2. Sykling	2.1 Partnarskapsavtale med Stiftelsen Sykkelturisme i Norge	Tre-års avtale frå 2008 med RUP-tilskot.
	2.2 Sykkelturisme i Hordaland	* Prosjektplan klar. Treng løyving frå HFK-RUP, IN og FMLA.
	2.3 Norges 25 flotteste sykkelturer	Bokprosjekt frå SLF som har fått eit lite tilskott
3. Snøopplevingar	3.1 Ski heile året	* Forprosjekt ferdig. Hovudprosjekt planlagt. Treng finansiering frå IN og RUP
	3.2 Røldal Freeride Challenge 2010	Prosjekt i gang
	3.3 Vintoreveko på Voss 2010	Prosjekt i gang
4. Kystturisme og vannsport	4.1 Småbåt- og kystturisme	Prosjekt blir avslutta i 2009. Vidareføring blir planlagt.
	4.2 Utvikling av fisketurismeklynger	Prosjekt under arbeid.
	4.3 Geoturisme	Prosjektet skal ha testsesong i 2010 før avslutting.
5. Arrangement og festivalar	5.1 Seminar	Var planlagt som start på arbeidet, aktivitet på området er ikkje starta opp.
6. Kultur- og historieformidling	6.1 Storytelling	* KysteventMuseum Vest har laga prosjektplan. Oppstart hausten 2009 etter at finansiering er på plass frå HFK-RUP og pilotområde.
	6.2 Museum-reiseliv	Prosjekt under planlegging. Innspel frå Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i H, Baroniet i R, Perler langs ein fjord.
	6.3 Steinparken i Rosendal	Prosjektet er i gang.
	6.4 Bømlø Steinpark	Forprosjekt snart gjennomført.
	6.5 Fjordformidling	Intensjonsavtale om å støtte prosjekt i Kvinnherad
7. Mat	7.1 Sjømat på menyen i Hordaland	* Forprosjekt gjennomført. Hovudprosjekt har fått midlar frå IN, HFK-RUP m.fl. og startar opp no.
	7.2 Voss kulturelle matfestival	Prosjektet er lenga ut 2010.
	7.3 Matrute	Forprosjekt under utvikling
	7.4 Hardangermeny	Prosjekt går ut 2011.

	7.5 Framtidig matfestival i Bergen	Prosjekt blir avslutta våren 2010
8. Transport	8.1 FLY BGO	Prosjektet går ut 2009. Nytt prosjekt fekk politisk lovnad om kr 3 mill over tre år frå RUP.
	8.2 Ny fejrerute mellom Newcastle og Vestlandet	Tilskott gitt til utgreiing. Prosjekt ferdig, men ikkje utbetalt
	8.3 Hernar-ruta	Med utgangspunkt i kollektiv båtrute frå Hellesøy, har Kystmusee starta eit prosjekt for å trekke turistar til området nord i Øygarden.
	8.4 Bergens/Hordalandskort	Bergen Reiselivslag har kontakt.
	8.5 Næringsutvikling rundt nasjonal Turistveg Ryfylke	Tilskott gitt i 2007
9. Cruiseturisme	9.1 Cruise Destination Hardanger skal marknadsføre området for cruise.	Pågåande prosjekt ut 2010.

OMRÅDEUTVIKLING

TILTAKSOMRÅDE	TILTAK/PROSJEKT	STATUS 2010
10. Heilskapleg områdeutvikling	10..1 Landskapsark	Ny fase er finansiert for eitt år om gongen, kr 335.000 frå RUP pr år.
	10.2 Naturbasert reiseliv i Osa	Forstudie i gang.
	10.3 Produktutvikling Åkraffjorden der båttransport er sentralt	Prosjekta blir no avslutta.
	10.4 Besøksmål rundt Folgefonna nasjonalpark	Konsesjonskraftmidlar som er løyvde er brukt i Herand. Ullensvang og Odda er klare til å starte sine delprosjekt.
	10.5 Den Grøne Sløyfa	Første prosjekt er avslutta. Ny søknadsrunde.
	10.6 Reiselivssatsing i Sund, Fjell og Øygarden	Prosjektet er snart slutført..
	10.7 Reiseliv og distriktsbutikk	Merkur-programmet startar prosjektet våren 2010.
11. Fellesgode	11.1 Destinasjonsselskapa i Hordaland	Om lag kr 700.000 frå fylkesbudsjettet blir kvart år blir delt mellom dei som driv aktiv destinasjonsutvikling.
	11.2 Vegbøkene på internett	Kulturhistorisk vegbok for Hordaland er tilgjengeleg på nett. Forlenga ut 2010.
	11.3 Vertskapsrolla	Forprosjekt blir gjennomført.
	11.4 IKT og reiseliv	Prosjektet er avslutta, men ikkje utbetalt. Booking tilskott ikkje utbetalt for Bergen og områda rundt
	11.5 Toalett	Liten forstudie blir klar i mars 2010.
	11.6 Turisttavle-tprosjektet	Bergen har att ei restløyving etter arbeidet i resten av fylket. Må nyttast innan utgangen av 2010.

KOMPETANSEUTVIKLING

TILTAKSOMRÅDE	TILTAK/PROSJEKT	STATUS 2010
12. Reiselivskunnskap	12.1 Statistikknett reiseliv – Hordaland	Alle fylka i Noreg samarbeider med Regio AS om å få tilrettelagt stastistikk frå SSB. Kostar ca kr 70.000 pr år. Dei fire vestlandsfylka koordinerer sitt samarbeid. Kan nyttast av alle.
	12.2 Møteplass reiseliv Hordaland	Årleg konferanse for alle reiselivsaktørar i Hordaland. IN/FMLA/HFK-RUP finansierer. HFK er sekretariat.
13. NCE-reiseliv	13.1 Norwegian Centre of Expertise er 10-årig satsing frå NFR/IN/SIVA på utvikling marknadsbasert tematurisme	Årleg tilskott frå HFK på kr 365.000 pr år via RUP.
14. VRI-reiseliv	14.1 Bedriftsstipendiat	Oppretta med BI frå hausten 2009. RUP-tilskot er gjeve.
	14.2 Kartlegging av dagens distribusjonskjeder	Prosjektet er starta.
15. Reiseliv som tema i Forskningsstrategi for Hordaland		Den første forskningsstrategien skal utviklast og reiseliv er eit tema.
16. Meir bruk av faglært arbeidskraft	16.1 Nye læreplassar i reiselivet på Voss	Prosjektet startar hausten 2009
17. Internasjonal erfaringsutveksling	17.1 LEONARDO-stipend til Danmark for reiselivsbransjen	Fylkeskommunen har fått tildelt 2 stipend, og har søkt om å få fleire, til fordeling til reiselivsaktørar
	17.2 LEONARDO-stipend til Cardiff/Wales for reiselivsbransjen	Fylkeskommunen har søkt om å få stipend til fordeling til reiselivsaktørar
	17.2 LEONARDO-stipend til Slovenia for reiselivsbransjen	Fylkeskommunen har fått tildelt 3 stipend til fordeling til reiselivsaktørar
18. Entreprenørskap i småskala reiseliv og matproduksjon	18.1. Mobilisering og oppfølging av aktørar	Prosjektsamarbeid mellom Fylkesmannens landbuksavdeling, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune.

MARKNADSFØRING

TILTAKSOMRÅDE	TILTAK/PROSJEKT	STATUS 2010
19. Marknadsføring av reisemål i Hordaland på den norske marknaden	18.1 Ei stilling skal jobbe for fellesskapet av destinasjonane i Hordaland. Samlokalisert med Bergen Reiselivslag.	Post til næringsføremål på fylkesbudsjettet på ca kr 700.000 pr år til den felles stillinga
20. Internasjonal marknadsføring av Hordaland	19.1 Saman med dei andre vestlandsfylka eig Hordaland Fylkeskommune 8,9% av aksjane i Fjord Norge AS	Post til næringsføremål på fylkesbudsjettet på ca 1,4 mill pr år til Fjord Norge AS.

3. SATSING PRODUKTUTVIKLING

Reiselivsstrategien tek utgangspunkt i gjesten si oppleving gjennom ei strategisk satsing på kjerneprodukt. Fjordlandskapet og Kulturbyen Bergen er peika ut som fyrtårn som skal trekkje reisande til Hordaland. Tiltak i ulike delar av fylket skal medverke til å utvikle tilbod i regionane som støtter opp rundt fyrtårna. Utvikling av natur- og kulturbaserte attraksjonar og opplevingar, mat og transport som (del av) reiselivsprodukt i Hordaland, kan styrkja attraktiviteten til eit lokalsamfunn og medverka til auka verdiskaping i bedrifter i området.

Tiltaksområde 1 Vandring

Mål:

Reisemåla i Hordaland skal tilby godt tilgjengelege tilbod innan vandring.

Vandring er ein viktig aktivitetsdrivar ved val av reisemål. Vandreferiar appellerer til ei ressurssterk målgruppe med inntekt og utdanning over gjennomsnittet. Dette er eit produktområde der ein med relativt enkle grep kan utvikle eit godt og til dels fylkesovergripande tilbod. Vandring er eitt av satsingsområda til Innovasjon Norge og Fjord Norge. Vidare utvikling skal samordnast med Norwegian Centre of Expertise (NCE) - reiseliv der det er naturleg, og det er viktig å ha kontakt med aktørar i kommunane, fylkeskommunen og elles.

Mykke arbeid med stiar og løyper er allereie gjort eller er i gang i Hordaland. Turlaga og andre frivillige foreiningar har mange stiar og løyper til ulike føremål. I reiselivssamanheng blir det viktig å få fram turløyper som er lett tilgjengelege for turistar.

Det er viktig å få tatt i bruk felles standard for merking og gradering av destinasjonsnære løyper. Bilvandring er eit eige konsept som er utvikla og klikkbart på nett. Nordsjøløypa er særleg utvikla som kulturløype.

Tiltak 1.1 Det skal startast eit prosjekt for "Vandreruter for turistar i Hordaland". Målet er at vandring skal bli synleg ved "destinasjonar" ved hjelp av nettbasert og anna informasjon om eit avgrensa tal løyper av god kvalitet. Bergen Turlag skal ha ansvar for prosjektet.

Tiltak 1.2 Kvinnherad har mange opparbeidde og merka turløyper. Turistkontoret har sett behov for å gjere dette tilbodet tilgjengeleg for alle, og prosjektet Turstiar i Kvinnherad skal samle inn fakta om turstiane, gradere dei etter vanskegrad, skilta betre og publisere dei på internett.

Tiltaksområde 2 Sykling

Mål:

Hordaland skal vera det leiande sykkelferienfylket i Noreg. Kombinasjonen mellom syklist velkommen destinasjonar og regionale og nasjonale sykkelruter er eit av våre fortrinn.

Sykling er eit segment i vekst og aktiviteten appellerer til ei ressurssterk målgruppe. Målgruppa kan delast inn i to hovudkategoriar 1) sykling som framkomstmiddel ved rundreise 2) sykling som ein aktivitet knytt til reisemålet. Den første gruppa etterspør sykkelvenlege ruter, den andre søker gjerne til destinasjonar med tilrettelagt tilbod for sti- og heisbasert sykling. Innsatsnivået for å lykkast innan dette segmentet blir vurdert som betydeleg meir omfattande enn for vandring.

Tiltak 2.1 Samarbeidsavtale med Stiftelsen Sykkelturisme i Norge (STIN) skal medverke til heilskapleg utvikling av sykkelturismen i Hordaland. STIN skal vere ressurscenter for produktutvikling, marknadsføring og kvalitetssikring.

Tiltak 2.2 Samarbeidsrådet for Sunnhordland er ansvarleg for sykkelsatsinga i Hordaland i form av prosjektet ”Sykkelturisme i Hordaland” og koordinerer denne satsinga som har følgjande delprosjekt:

Nordsjøsykkelruta – rute nr. 1 mellom Bergen og Mongstad skal verta skilta etter nasjonal skiltmal (Statens Vegvesen). Det skal og liggja føre informasjonsmateriell og vera syklist velkommen verksemdar langs denne ruta.

Syklist velkommen destinasjonar: Prosjektet skal få opp 2 velfungerande, kvalitetssikra syklist velkommen destinasjonar med fleire og meir fornøgde gjester.

Rallarvegen - Rute nr. 4 Haugastøl – Bergen: Gjere ferdig rute nr. 4 frå Haugastøl til Bergen med omsyn til skilting. Prosjektet skal gjera planlegging og gjennomføring.

Kobling Rallarvegen – Ulvik: Det skal gjerast eit **forstudie** for å få dokumentert moglegheiter og konfliktområde knytta til å få til ein sykkeltraseè mellom Rallarvegen og Ulvik.

Hardangerfjordruta - rute nr. 6 Leirvik – Voss: Det skal gjennomførast eit **forprosjekt** for rute nr. 6 frå Leirvik til Voss/Vikafjell. Forprosjektet skal utarbeide skiltplan, kalkyle og skildring av ruta.

Felles informasjon: Knytte heile Hordaland saman som sykkelfylket gjennom felles kartsystem og turskildringar.

Tiltak 2.3 Bokprosjektet Norges 25 flotteste sykkelturer. 3 av rutene i Hordaland vil bli omtala her. (Nordsjøsykkelruta, Rallarvegen og resten av sykkelrute nr. 4.)

Tiltaksområde 3 Snø-opplevingar

Mål: Hordaland skal tilby attraktive vinteropplevingar med og utan ski heile året.

Ski er ein av dei aller viktigaste aktivitetsdrivarane for reisande om vinteren. Produktutvikling og kvalitetsheving av tradisjonelle vinteraktivitetar og produktutvikling og synleggjering av ski- og snøaktivitetar på bre sommarstid vil framheva Hordaland som ein heilårleg skidestinasjon. Eit anna viktig satsingsområde under tiltaket er å få meir aktivitet i skianlegga i vekedagane som vil gje positive ringverknader for heile reiselivet.

Tiltak 3.1 ”Ski heile året” blir leia av Destinasjon Voss AS. Røldal, Folgefonna og Voss er områda som er med.

Tiltak 3.2 Røldal Freeride Challenge 2010 skal gjennom prosjektet få betre dekning i media.

Tiltak 3.3 VintervekoVoss skal medverke til å styrke Voss sitt omdømme som vinterdestinasjon.

Tiltaksområde 4 Kystturisme og vannsport

Mål: Auka verdiskaping og bærekraftig utnytting innan vannbaserte opplevingar.

Kvalitetane fjord og kyst, elvar og fossar er viktige drivarar til val av vår region som reisemål. Hordaland bør forsterka og vidareutvikla satsinga på kystbaserte baseferiar og båtferiar, og etablerer gode rundreiseprodukt i tilknytning til fjordane. Fiske utmerkar seg ved å vera eit nasjonalt satsingsområde og dykking og surfing er andre aktivitetar som kysten eignar seg for.

Satsinga på fjord og kyst kan sjåast i samanheng med satsinga på elv/foss med vatn som konseptuell fellesnemnar. Elvar og fossar er både naturattraksjonar i form av fossar, og aktivitetsarenaer i form av fiske, rafting og kajakk.

Tiltak 4.1 Småbåt- og kystturisme-prosjektet er i avslutningsfasen. Prosjektet har kartlagt noverande marknad, krav, informasjonskjelder, reisemønster osv. Det er gjennomført tiltak generelt for båtturismen i fylket og for einskilde gjestehamner spesielt.

Tiltak 4.2 Fisketurisme-prosjektet skal samle bedrifter til inntil tre klynger for å gjennomføre utviklingsprogram med utviklingsorienterte bedrifter.

Tiltak 4.3 Geoturisme-prosjektet skal gjennomføre ein testsesong for nokre produkt i 2010 før det blir avslutta hausten 2010.

Tiltaksområde 5 Arrangement og festivalar

Mål: Auke verdiskaping i knytt til arrangement ved tettare kopling til reiseliv med fokus på auka samarbeid og kompetanseheving.

Hordaland har eit breidt tilbod av festivalar og arrangement innan idrett og kultur. Ved å sjå desse som ein viktig del av reiselivsproduktet kan ein leggje til attraktivitet i skuldervesongar og løfta fram produkt mot komplementære målgrupper. Det er også viktig at dei involverte utvekslar erfaringar og utviklar kompetanse i fellesskap.

Tiltak 5.1 Bergen Reiselivslag har sagt seg interessert i å jobbe med dette tiltaksområdet. Det har vore snakka om å avklare interessa for samarbeid og kompetanseutvikling hos sentrale aktørar i form av eit seminar, men dette er ikkje iverksett.

Tiltaksområde 6 Kultur- og historieformidling

Mål: Skape meirverdi for dei tilreisande og tilbydarane ved aktiv formidling av vår kultur og historie gjennom vidareutvikling av tradisjonelle arenaer, etablering av nye og koplingar med eksisterande opplevingsprodukt.

Den reisande ønskjer å få innsikt i lokal kultur og historie på reisemålet. Vår region har tradisjonalt sett hatt stort fokus på naturopplevinga i reiselivssamanheng. Handlingsprogrammet byrjar med to tiltak på dette området; eitt retta mot den tradisjonelle museumsarenaen og eitt retta mot kultur- og historieformidling.

Economuseum er ei satsing som går utanom handlingsprogrammet, men som ein utvekslar erfaringar med.

Tiltak 6.1 Storytelling

Tiltaket legg til rette for formidling av lokal historie knytt til eksisterande attraksjonar og opplevingar. Ein skal planleggje, utvikle, marknadsføre og gjennomføre 7 forteljingar i Kysteventyret. Ein vil m.a. lære av erfaringane til Limfjorden i Danmark.

Tiltak 6.2. Museum - reiseliv

Ein har plukka ut eitt museum i Hordaland som ønskjer å samarbeide om å utvikle turisttilbodet spesielt. Målet er utvikle, marknadsføre og gjennomføre nokre få opplevingstilbod. Dette er eit pilot-tiltak som også tener til å undersøke potensialet

Tiltak 6.3. Steinparken Rosendal

Prosjektet er gjennomført, men ikkje utbetalt. Vidareutvikling av produktet og infrastruktur. er gjort

Tiltak 6.4. Bømlo Steinpark

Forprosjekt er snart ferdig, utviklar planar for vidareføring med basis i geologirikdomen på Bømlo. Spesielt fokus kring Moster Amfi og gullgruvene på Lykling.

Tiltak 6.5. Fjordformidling

Det er skreve intensjonsavtale med fylkeskommunen om tilskott til formidling av kunnskap og opplevingar knytt til fjorden i Kvinnherad. Utgangspunktet er eit større forskningsprosjekt ved Havforskningsinstituttet om fjordane

Tiltaksområde 7 Mat

Mål: Å tilby gjestene gode matopplevingar basert på lokale råvarer og tradisjonar.

Mat er eit basisbehov, men også ein viktig del av totalopplevinga for dei tilreisande. Undersøkingar syner at mattilbodet vårt ikkje innfrir forventningane. Å betre dette krev bevisstgjerung av reiselivsaktørane, kompetanseutvikling, kvalitetssikring, styrking av kommersielle koplingar mellom produsent og distribusjonskanalar, profilering og utvikling av turistrelaterte produkt.

Tiltak 7.1 Hovudprosjektet Sjømat på menyen i Hordaland skal utvikle tilbodet av mat langs vegane der turistar ferdast. I første omgang vil ein dra nytte av erfaringane frå "Smak av kysten".

Tiltak 7.2 Voss Kulturelle Matfestival

Vossameny samarbeider med Festival Voss for å få festivalar og større arrangement til å ta i bruk og marknadsføre lokal mat.

Tiltak 7.3 Det skal utviklast ei eller fleire matruter gjennom Hordaland, der dei reisande i tillegg til å få servert kvalitetsmat basert på lokale produkt, kan få tilbod om andre opplevingar knytt til lokal matvareproduksjon m.m.

Tiltak 7.4 Hardangermeny

Auka tilverking og servering av lokalt produsert mat.

Tiltak 7.5 Framtidig matfestival i Bergen

Det skal utarbeidast framlegg til utvikling og ny organisering av Matfestivalen i Bergen.

Tiltaksområde 8 Transport

Mål: Gode og varierte transporttilbod inn til Hordaland og rundt i fylket. Det skal i større grad vere muleg for turistar å nytte offentleg transport når dei skal oppleve fylket vårt.

Tilgjengeleg og trygg transport til, og rundt i Hordaland, er ein premiss for å gje dei reisande gode opplevingar, og ein føresetnad for ei vellukka reiselivssatsing. Dette gjeld både for gjestar som kjem frå utlandet og norske tilreisande, for kollektivtilbod som fly, båt, jernbane og buss, i tillegg til reise med eigen bil. Eit viktig tiltak for å lykkast på transportsida er å sikra at eksisterande rutetilbod blir fremja i reiselivssamanheng og at Hordaland også i framtida har gode internasjonale samband. Etter at

englandsruta forsvann hausten 2008, vil det vere serleg viktig å arbeida med å få opp igjen ei ny rute mellom Bergen og Newcastle.

I reiselivssamanheng er det også viktig at transportdelen spelar godt saman med andre satsingsområder i reiselivsstrategien. Til dømes vil transport vere ein viktig faktor for å lukkast innan utvikling av sykkel- og vandreturisme. Vidare vil det og vera eit poeng å sjå på korleis kundesenteret som Skyss utviklar på bystasjonen kan nyttast i reiselivssamanheng.

Tiltak 8.1 FLY BGO-prosjektet skal medverke til vekst i utanlandske flyturistar og oppnå positive ringverknader i Hordaland og Sogn & Fjordane gjennom oppretting av nye internasjonale flyruter til Bergen Lufthavn Flesland.

Tiltak 8.2 Ny ferjerute mellom Bergen og Newcastle er eit prosjekt som jobbar med mulegheiter til å få på plass passasjerbåt mellom Bergen og England igjen.

Tiltak 8.3 Hernar-ruta

Hordaland har eit vidt utbygd system av offentlege kommunikasjonsstilbod. Hovudmålsettinga med dette tilbodet er å gi fylkets innbyggjarar gode kommunikasjonsstilbod. I samband med reiselivsstrategien vil det likevel vera eit poeng å sjå korleis rutestrukturen og kan auka turistane sin bruk av desse tilboda. Dette kan styrke lønnsmda i tilbodet.

Tiltak 8.4 Bergenskort/Hordalandskort

Bergen har lenge hatt eit bergenskort som kombinerar transport og inngang til attraksjonar. Det vert selt 15-20.000 av desse korta. Det nyebillett systemet til Skyss har kapasitet til å vidareutvikle det konseptet som er bygd opp rundt bergenskortet og det kan også vera mogeleg å sjå for seg ei utviding av konseptet til å dekke større deler av fylket. I eit slikt konsept kan det også tenkast at kjøp av eit kort gjer visse fordelar når det gjeld bruk av aktivitetar.

Tiltak 8.5 Næringsutvikling kring nasjonal turistveg Ryfylke Prosjektet er i gang.

Tiltaksområde 9 Cruise

Cruiseturisme er eit viktig satsingsområde for Hordaland. I 2008 var det ca 330 anløp til dei 5 cruisehamnene i Hordaland. Totalt vart det rundt 330.000 turistar som opplevde Hordaland som gjestar på cruiseskip. Dette gjer Hordaland til det desidert viktigaste cruisefylket i Noreg – med ein marknadsandel på tett oppunder 25%. Den desidert største hamna er Bergen, men også Ulvik, Eidfjord, Jondal og Rosendal tar imot cruiseskip. I tillegg har Voss eit betydeleg tal cruisegjestar frå skipa som kjem til Flåm. Når det gjeld cruisemarknaden, er det ei målsetjing at større deler av Hordaland får ta del i denne del av reiselivsmarknaden. Dette tilseier ikkje at det er naudsynt med fleire cruisehamnar, men at det vert lagt opp til at større deler av fylket kan tilby opplevingar tilpassa cruiseindustrien. For reiselivsnæringa i Hordaland er det også ein klar ei målsetjing at innteninga på denne type besøk vert auka og at opplevingane som vert tilbodne er berekraftige.

Tiltak 9.1 Cruise Destination Hardanger skal vidareutvikle utfluktsprogrammet rundt Hardangerfjorden, fokusere på miljøvenleg berekraftig cruiseturisme, auke innteninga på berekraftige landbaserte tilbod, kartlegge preferansane til cruisereiarlaga og cruisepassasjerane og munne ut i eit permanent marknadsopplegg

4. SATSING OMRÅDEUTVIKLING

Områdeutvikling inkluderer alle tilhøva som påverkar gjesten si totale oppleving av eit reisemål. Målet er å få til strategiske alliansar mellom aktørane i eit område. Samhandling og partnerskapstenking mellom alle involverte aktørar, både offentlege og private, er nødvendig for å lukkast

Denne strategien har to fokus på områdeutvikling

- utvikling av reisemål, småsamfunn, landskaps- og nasjonalparker og andre område med særleg fokus på utvikling og tilrettelegging for reiseliv. Arbeidet innanfor dette tiltaksområdet skal gje ei felles forståing for ansvar, roller og organisering, og vera grunnlag for utvikling av infrastruktur, produktutvikling og marknadskommunikasjon.
- fellesgode til nytte for heile eller store delar av næringa.

Tiltaksområde 10 Heilskapleg områdeutvikling

Vegar, rekreasjonsområde og anna fellesareal skal vera tilgjengeleg og av god kvalitet der ein satsar på områdebasert reisemålsutvikling. Dette set også krav til godt vedlikehald og det viktig å ta omsyn til krava om universell utforming.. Nasjonalparker, landskapsparker, landskapsvern- og friluftsområde må gjerast meir tilgjengeleg, blant anna gjennom utbetring av informasjon og infrastruktur til områda.

Tiltak 10.1 Landskapspark

Prosjektet går ut 2011 og harr valt ut nokre bygdestyrte utviklingsområde med høg landskapsverdi. Prosjektet skal stimulere utviklinga av lokal geografisk område til reisemålbasert på geoturismen sine verdiar med fokus på lokal næringsutvikling, inkludert natur- og kulturbaserte opplevingar, matproduksjon, servering og overnatting.

Tiltak 10.2 Naturbasert reiseliv i Osa

Forstudie for å greie ut moglegeheiter for naturbasert reiseliv i Osa.

Tiltak 10.3 Produktutvikling Åkraffjorden.

Åkraffjorden Oppleving er ei samanslutting av aktørar rundt Åkraffjorden som samarbeider om utvikling, pakking og marknadsføring av reiselivsprodukta sine. Ein seire prosjekt blir avrunda våren 2010.

Tiltak 10.4 Besøksmål rundt Folgefonna Nasjonalpark er eit prosjekt som har pågått eitpar år med samordna informasjonsopplegg og utviklingstiltak på dei plassane dei fem kommunane har utpeikt som besøksmål rundt nasjonalparken. Delprosjektet i Herand er avslutta. Ullensvang herad vil leggje info-funksjonen til Aga-tunet og har nettopp sett i gang arbeidet.

Tiltak 10.5 Den Grøne sløyfa samlar 33 næringsaktørar i Vaksdal, Modalen og Voss kommunar. Dei har gjennomført eitt prosjekt for auka verdiskaping og samarbeid godt støtta av sine kommunar og fylkesnivået.No søker dei om vidareføring.

Tiltak 10.6 Reiselivssatsing i Sund, Fjell og Øygarden starta i 2009 for å samle næringsaktørane i arbeidet med produktutvikling og sikre synergjar av felles marknadsføring.

Tiltak 10.7 Reiseliv og distriktsbutikk er eit prosjekt for å styrke det lokale servicetilbodet i utvalte nærbutikker både for tilreisande og fastbuande. Prosjektet starta våren 2010 og er forankra i det nasjonale Merkur-programmet. Samarbeid mde dei regionale destinasjonane blir viktig.

Tiltaksområde 11 Fellesgode

Fellesgode kan vere til nytte for ein turist eller bedrift samstundes som andre kan nytte same godet. Utfordringa er å finne nokon som vil betale for fellesgoda. Fri ferdsel i utmark kan er døme på eit fellesgode, men kven skal sørge for/betale for merking, skilting og ordne parkeringstilhøve og toalett dersom slik ting trengst? Ein del infrastruktur for reiseliv blir tatt tak i under andre tiltaksområde; t.d. merking for vandring og sykling.

Gratispassasjerproblemet finn vi også i høve til marknadsføring av reiselivet. Turistinformasjon og vertskapsrolla er andre funksjonar som det er mye å hente på å samarbeide om, men som det kan vere vanskeleg å finansiere.

Innanfor fellesgode finn ein skjeringspunkt mellom reiselivsnæringa og samfunnet elles, der ein har felles nytteverdi av utvikling av service-, teneste- og produkttilbod. Det er viktig å avklara kva fellesoppgåver som bør prioriterast i reiselivsamheng og definera ansvar og roller kring gjennomføring og finansiering av desse. I nokre høve vil det offentlege spela ei sentral rolle i dette arbeidet.

Tiltak 11.1 Destinasjonsselskapa i Hordaland har ein samlande funksjon i sitt område. Voss og Bergen dekkjer berre ein kommune, men elles kjem tre til sju kommunar inn under ein felles reiselivs paraply. Det er ulik organisering mellom reisemåla - regionråd/destinasjonsselskap/reiselivslag- men alle gjer ein innsats i marknadsføring og får etterkvart også viktige roller i høve til internett. Fylkeskommunen har skrivne samarbeidsavtalar med dei for å sikre det regionale utviklingsarbeidet på reiseliv.

Tiltak 11. 2 Vegbøkene på internett skal innan jan 2010 ha lagt både Naturhistorisk vegbok og Kulturhistorisk Vegbok på internett, fritt tilgjengeleg. Sistnemnde bok skal også bli omsett til engelsk. Det kan også bli aktuelt å leggje ytterlegare til rette for at denne kunnskapen blir teke aktivt i bruk i reiselivet.

Tiltak 11.3 Forprosjekt på vertskapsrolle Gjesten etterspør tilrettelagde attraksjonar, aktivitetar og god informasjon. Eit godt distribusjonssystem, som internett og turistinformasjon, er viktig næringsmessig infrastruktur for reiselivsbedriftene og for turistane.

Tiltak 11.4 IKT og reiseliv

I fleire år er det arbeidd med ei nasjonal løysing for reiselivsinformasjon og bestillingar via internett. Sjølv om det har tatt lengre tid enn føresett å utvikla denne plattformen, er satsinga no i ferd med å materialisere seg. Problemet for mange av destinasjonane er at ein overgang til internettbooking er ressurskrevjande - både med omsyn til økonomi og personale. Difor skal dette prosjektet gå ut 2009. Fjord Norge ser nytte i at eit slikt system er oppegåande og frontar felles interesser i Vest Norge.

Tiltak 11.5 Toalett

Ein er i gang med ein forstudie om tilbodet av og trongen for offentlege toalett i høve til reiselivsaktivitetane i Hordaland. Rapport skal leverast i mars 2010.

Tiltak 11.6 Turisttavle-prosjektet i Bergen

Turisttavle-prosjektet vart gjennomført av Hordland Reiseliv for mesteparten av fylket, men Bergen Reiselivslag har fått overført restløyvinga for sitt område. Arbeidet skal avsluttast i 2010.

5. SATSING KOMPETANSE

Kompetanse er ein kritisk suksessfaktor for å sikra ei heilskapleg og vellukka reiselivsutvikling og å kunne levere høg kvalitet på produkta. Det skal satsast på kompetansetiltak som sikrar ei velfungerande og marknadstilpassa reiselivsutvikling.

Tiltaksområde 12 Reiselivskunnskap

Reiseliv er sektorovergripande og mykje aktivitet fell utanom den offentlege statistikken som blir produsert. Difor kan det vere vanskeleg å få kunnskap om reiseliv og å drive kunnskapsbasert utvikling.

Tiltak 12.1 Statistikknett Hordaland er ei teneste Hordaland fylkeskommune betalar firmaet Regio for at dei skal tilretteleggje statistikk om Hordaland frå Statistisk sentralbyrå. Dei fire vestlandsfylka koordinerer sine samarbeidsavtalar med firmaet. Opplysningane blir tilgjengelege for alle.

Tiltak 12.2 Møteplass Reiseliv – Hordaland er ein årleg konferanse som er starta opp for allesom er interesserte i reiselivsutvikling i Hordaland. Målet er at dei som deltek skal få ny kunnskap, utveksle erfaringar og idear og få vite meir om kva som går føre seg av felles tiltak i fylket.

Tiltaksområde 13 Norwegian Centre of Expertise – NCE - reiseliv

Mål:

NCE Tourism – Fjord Norway skal gjere Fjord Norge-regionen verdslaiande innan tematurisme.

Næringsaktørar, offentlege og FoU-miljø i dei fire vestlandsfylka skal frå hausten 2009 samarbeide om marknadbasert utvikling av tematurisme. Det blir oppretta eit senter i Fjord Norge som skal jobbe med dette i inntil 10 år. NCE-reiseliv er ei vidareutvikling av ARENA-prosjektet Innovativ Fjordturisme som har starta i 2007.

Tiltaksområde 14 VRI-reiseliv "Virkemidler for regional FoU og innovasjon",

Mål: Å utvikle marknadstilpassa og kompetanseintensivt reiseliv i Hordaland

Innan "Virkemidler for regional FoU og innovasjon", hadde Hordaland definert reiseliv som ei særleg satsing. Det har vore vanskeleg å få nytta standardordningane til VRI på reiseliv, men i framtida bør vi spesielt prøve å nytte verkemidla som perosnmobilitet og kompetansemekling.

Tiltak 14.1 Bedriftsstupendiat - Ein student frå BI (Bach. reiseliv) har fått ei trainee-stilling 09/10 i destinasjonsdelen av Samarbeidsrådet for Sunnhordland..

Tiltaksområde 15 Reiseliv som tema i Forskningsstrategi for Hordaland og i Regionalt Forskningsfond for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Mål: Å få gjennomført meir forskning i Hordaland/i Vest Norge som kan medverke til auka verdiskaping hos reiselivsaktørene i fylket.

Reiselivsstrategi for Hordaland 2009 – 2015 er ute på høyring.

Tiltaksområde 16 Meir bruk av faglært arbeidskraft

Mål: *Styrke koplingane mellom fagopplæringane innafor reiselivsfag i vidaregåande skule og næringslivet*

Saman med næringslivet tilbyr den vidaregåande skulen opplæring til fagbrev i fleire fag. Me vil jobbe med tiltak for å auka graden av faglært arbeidskraft i næringa.

Nye fagområde, som naturbasert reiseliv, er viktig nytt fagområde som basis for utvikling av natur- og kulturbedrifter

Tiltak 16.1 I prosjektet "Nye læreplassar i reiselivet på Voss" samarbeidar Destinasjon Voss, Opplæringskontoret på Voss og nokre bedrifter om ei pilotsatsing for å få lærlingar i det nye faget reiselivsmedarbeidar.

Tiltaksområde 17 Internasjonal erfaringsutveksling

Mål: *Aktørar i Hordaland skal kunne samanlikne seg med og lære av gode reisemål i utlandet.*

I ein reiselivsmarknad med mange utanlandske kundar og utanlandske konkurrentar er det viktig for reiselivsaktørar i Hordaland å ha kunnskapar om reiselivsbransjen i utlandet.

Gjennom EU programmet Leonardo da Vinci søker Hordaland fylkeskommune på vegne av reiselivsaktørane om mobilitetsstipend til utlandet. Fylkeskommunen har fått tilsegn om 5 slike stipend til Slovenia og Danmark, og det er også søkt om stipend til Cardiff/Wales og fleire stipend til Danmark. Desse stipenda skal medverke til at deltakarane gjennom arbeidspraksis i ei bedrift får motivasjon til fagleg og personleg utvikling, kjennskap til andre kulturar og eit europeisk nettverk.

Tiltak 17.1 Personar frå reiselivsbransjen i Hordaland skal få ei veker stipendopphald i Danmark.

Tiltak 17.2 Personar frå reiselivsbransjen i Hordaland skal få ei veker stipendopphald i Cardiff/Wales.

Tiltak 17.3 Personar frå reiselivsbransjen i Hordaland skal få ei veker stipendopphald i Slovenia.

Tiltaksområde 18 Entreprenørskap i småskala reiseliv og matproduksjon

Tiltak 18.1 Gjennom samlingar, nettverksbygging og oppfølging stimulere til nyetableringar og utvikling av eksisterande mat- og reiselivsbedrifter.

6. SATSING MARKNADSFØRING

Nasjonal og internasjonal marknadsføring blir sett på som ei av dei viktigaste oppgåvene til reiselivsnæringa. Utfordringa er å bli sett, og ein må samarbeida både lokalt, regionalt, nasjonalt og i Skandinavia for å oppnå best mogeleg effekt. Me må utvikle bruken av internett til marknadsføring og booking vidare i Hordaland.

Kvart destinasjonsselskap tilbyr reiselivsaktørane i sin region å marknadsføra seg på ein felles nettstad og i andre kanalar. Destinasjonsselskapa koordinerer og samarbeider med bedriftene og betalar Fjord Norge AS for å sikre den tekniske kvaliteten på nettløysinga Fjordnett.

Tiltaksområde 19 Marknadsføring av reisemåla i Hordaland på den norske marknaden

Mål: Hordaland skal ta ein klar posisjon innan aktivitetsbasert reiseliv og dermed bidra til auka verdiskaping for reiselivsnæringa i Hordaland.

Ansvar for den nasjonale marknadsføringa ligg hos destinasjonsselskapa. Samarbeid mellom destinasjonsselskapa i Hordaland og med Innovasjon Norge er sentralt i marknadsføringa på den norske marknaden.

Tiltak 19.1 Som ei oppfølging etter Hordaland Reiseliv, har Hordaland fylkeskommune sett av midlar til ei stilling for å jobbe med felles utfordringar for reiselivsaktørane i Hordaland. Stillinga har arbeidsstad hos Bergen Reiselivslag, men blir styrt av alle destinasjonane og fylkeskommunen i fellesskap. Ei av hovudoppgåvene som ligg til stillinga, er å koordinere og gjennomføre marknadsføring av Hordaland på den norske marknaden. Denne satsinga skal føre til fleire norske tilreisande, auka opphaldstid, sesongutviding og at gjestane i langt større grad nyttar aktivitetstilbodet i Hordaland. Reiselivsnæringa i Hordaland bør gjennomføre felles kampanjar.

Tiltaksområde 20 Internasjonal Marknadsføring av Hordaland

Mål: Marknadsføring av Hordaland internasjonalt skal auka verdiskapinga gjennom å auke talet på tilreisande.

Samla kommersielle overnattingar i Hordaland er 1.516.000 for januar-juli 2009. Det er ned 3,1 prosent samanlikna med same periode i 2008. Innanlandsmarknaden har gått opp 3,4 prosent medan utanlandsmarknaden har gått ned 13,7 prosent. I høve til resten av landet har fylket vunne marknadsandelar på innanlandsmarknaden, men har tapt andelar på utanlandsmarknaden. I 2008 utgjorde utlendingar 36% av alle kommersielle overnattingar i Hordaland¹.

Eit poeng har vore å trekkje til seg turistar med høg betalingsvilje. For Norge har SSB² rekna ut at utanlandske turistar i 2008 stod for om lag 30% av turistkonsumet, i overkant av 30 mrd kroner. Dette utgjorde 11,8% av Noregs eksport av tenester i 2006.

Tiltak 20.1 Hordaland fylkeskommune yter årlege tilskot til Fjord Norge AS for at dei skal marknadsføre reiselivet Hordaland internasjonalt saman med dei andre tre vestlandsfylka. Internettløysinga (www.fjordnorway.com) og bruk av nye media baserer seg på eit tett samarbeid med

¹ Statistikknet.com Fylkesvis oversyn over Samla kommersielle overnattingar.

² Utredning om statistikk om reiselivsnæringa, 02.06.09

destinasjonsselskapa i heile Vest Norge. Arbeidet er kopla opp mot www.visitnorway.com som Innovasjon Norge driv.